

# Eksamen

26.mai 2016

SSA1002

Drift og oppfølging

**Programområde:** Service og samferdsel

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.  Det er føresett bruk av PC.
<b>Bruk av kjelder</b>	Dersom du brukar kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.  Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du brukar utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Vedlegg</b>	Rekneark til oppgåve 3
<b>Vedlegg som skal leverast inn</b>	Rekneark til oppgåve 3
<b>Informasjon om vurderinga</b>	Vurderinga tek utgangspunkt i følgjande nivå: <b>Under middels (karakterane 1 og 2):</b> Kandidaten viser under middels fagkunnskap og evne til å løyse problemstillingane som blir presenterte. Svaret er prega av reproduksjon (avskrift), og at kandidaten i liten grad er i stand til å bruke kunnskap til å løyse ei problemstilling. <b>Middels (karakterane 3 og 4):</b> Kandidaten viser middels fagkunnskap og evne til å løyse problemstillingane som blir presenterte. Svaret viser at kandidaten er i stand til å bruke kunnskap til å finne praktiske løysingar på ei problemstilling. <b>Over middels (karakterane 5 og 6):</b> Kandidaten viser svært god fagkunnskap og evne til å løyse problemstillingane som blir presenterte. Svaret viser at kandidaten er i stand til å bruke kunnskap til å finne svært gode praktiske løysingar på ei problemstilling. Kandidaten viser god vurderingsevne, og er i stand til å få fram både positive og negative sider ved ulike løysingsalternativ.
<b>Andre opplysningar</b>	Kandidaten har høve til å leggje eigne føresetnader i svara sine. Det skal gå klart fram kva føresetnader kandidaten legg til grunn.

## Eksamensoppgåve:

Klesbutikken «Fashion for future» ligg i eit kjøpesenter i ein liten småby på Vestlandet. Det er ca. 12 000 innbyggjarar i denne byen, men dei meiner dei dekkjer eit handelsområde med rundt 50 000 innbyggjarar.



Tenk deg at du er tilsett i denne verksemda og får i oppgåve å utføre arbeidsoppdraga nedanfor.

### Oppdrag 1 - Logistikk

Fashion for future har fleire leverandørar, og kjøper mellom anna designunderklede frå Janus-fabrikken på Espeland utanfor Bergen.

- Forklar korleis varene kjem fram til butikken, steg for steg (logistikk-kjede/verdikjede).
- Kva krav kan ein setje til god logistikk?
- Dei ulike delane av logistikken har feilkjelder, ting som ikkje går slik ein har tenkt. Kva kan gå gale innanfor dei ulike delane av logistikk-kjeda/ verdikjeda?

### Oppdrag 2 – Kontorarbeid

Ei av arbeidsoppgåvene dine er innkjøp av varer. De skal bestille varer frå Janus-fabrikken, og bestemmer dykk for å bestille følgjande varer:

Artikkelnr.	Vare	Str.	Tal	Pris utan MVA
4333337-181	Janus Design Wool, trøye herre	Small	5	99,00
4333337-182	Janus Design Wool, trøye herre	Medium	5	102,00
4333337-183	Janus Design Wool, trøye herre	Large	10	105,00
4333337-281	Janus Design Wool, trøye dame	Small	7	110,00

4333337-282	Janus Design Wool, trøye dame	Medium	7	119,00
4333337-283	Janus Design Wool, trøye dame	Large	12	129,00

Skriv eit formelt brev der du bestiller desse varene. I tillegg til opplysningane ovanfor skal du få med total pris og andre leveringsvilkår som du meiner er nødvendige.

### Oppdrag 3 - Økonomi

Rekneskapen til bedrifta viser følgjande balansetal per 31.12.15:

Balanse per 31.12.15			
Inventar	120 000	96 000	Eigenkapital
Kontantar	8 000	177 000	Lån
Bankinnskot	145 000		
	<u>273 000</u>	<u>273 000</u>	

- Før inngåande balanse per 01.01.2016. Du kan nytte vedlagde rekneark (vedlegg 1).
- Du fører følgjande føringar i rekneskapen:

19.01.16	Kontantkjøp av inventar	kr 2 200
20.01.16	Betaling av lån (kr 5600) og renter (kr 900), bankinnskot	kr 6 500
21.01.16	Privatuttak frå bankkonto	kr 5 000
25.01.16	Betaler husleige, bankinnskot	kr 6 000
31.01.16	Sal av varer, kontant	kr 6 520
31.01.16	Set kontantar i banken	kr 6 520
31.01.16	Sal av varer, bankinnskot	kr 21 250
31.01.16	Privatuttak overført eigenkapital	?

- Finn nytt resultat og ny balanse per 31.01.16.
- Kva er overskotet for denne perioden?
- Forklar korleis verksemda kan oppnå eit større overskot i neste periode.
- Korleis vil du forklare endringane i eigenkapitalen for denne perioden?

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.  Det forutsettes bruk av PC.
<b>Bruk av kilder</b>	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.  Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Vedlegg</b>	Regneark til oppgave 3
<b>Vedlegg som skal leveres inn</b>	Regneark til oppgave 3
<b>Informasjon om vurderingen</b>	Vurderingen tar utgangspunkt i følgende nivå: <b>Under middels (karakterene 1 og 2):</b> Kandidaten viser under middels fagkunnskap og evne til å løse problemstillingene som blir presentert. Svaret er preget av reproduksjon (avskrift), og at kandidaten i liten grad er i stand til å bruke kunnskap til å løse en problemstilling. <b>Middels (karakterene 3 og 4):</b> Kandidaten viser middels fagkunnskap og evne til å løse problemstillingene som blir presentert. Svaret viser at kandidaten er i stand til å bruke kunnskap til å finne praktiske løsninger på en problemstilling. <b>Over middels (karakterene 5 og 6):</b> Kandidaten viser svært god fagkunnskap og evne til å løse problemstillingene som blir presentert. Svaret viser at kandidaten er i stand til å bruke kunnskap til å finne svært gode praktiske løsninger på en problemstilling. Kandidaten viser god vurderingsevne, og er i stand til å få fram både positive og negative sider ved ulike løsningsalternativer.
<b>Andre opplysninger</b>	Kandidaten har mulighet til å ta egne forutsetninger i svarene sine. Det skal gå klart fram hvilke forutsetninger kandidaten legger til grunn.

## Eksamensoppgave:

Klesbutikken «Fashion for future» ligger i et kjøpesenter i en liten småby på Vestlandet. Det er ca. 12 000 innbyggere i denne byen, men de mener de dekker et handelsområde med rundt 50 000 innbyggere.



Tenk deg at du er ansatt i denne virksomheten og får i oppgave å utføre arbeidsoppgavene nedenfor.

### Oppdrag 1 - Logistikk

Fashion for future har flere leverandører, og kjøper blant annet designundertøy fra Janus-fabrikken på Espeland utenfor Bergen.

- Forklar hvordan varene kommer fram til butikken, steg for steg (logistikk-kjede/verdikjede).
- Hvilke krav kan man sette til god logistikk?
- De ulike delene av logistikken har feilkilder, ting som ikke går slik man har tenkt. Hva kan gå galt innenfor de ulike delene av logistikk kjeden/verdikjeden?

### Oppdrag 2 – Kontorarbeid

En av dine arbeidsoppgaver er innkjøp av varer. Dere skal bestille varer fra Janus-fabrikken, og bestemmer dere for å bestille følgende varer:

Artikkelnr.	Vare	Str.	Antall	Pris uten MVA
4333337-181	Janus Design Wool, trøye herre	Small	5	99,00
4333337-182	Janus Design Wool, trøye herre	Medium	5	102,00
4333337-183	Janus Design Wool, trøye herre	Large	10	105,00
4333337-281	Janus Design Wool, trøye dame	Small	7	110,00

4333337-282	Janus Design Wool, trøye dame	Medium	7	119,00
4333337-283	Janus Design Wool, trøye dame	Large	12	129,00

Skriv et formelt brev der du bestiller disse varene. I tillegg til opplysningene ovenfor skal du få med total pris og andre leveringsvilkår som du mener er nødvendige.

### Oppdrag 3 - Økonomi



Regnskapet til bedriften viser følgende balansetall per 31.12.15:

Balanse per 31.12.15			
Inventar	120 000	96 000	Egenkapital
Kontanter	8 000	177 000	Lån
Bankinnskudd	145 000		
	<u>273 000</u>	<u>273 000</u>	

- Før inngående balanse per 01.01.2016. Du kan bruke vedlagt regneark (vedlegg 1).
- Du fører følgende føringer i regnskapet:

19.01.16	Kontantkjøp av inventar	kr 2 200
20.01.16	Betaling av lån (kr 5600) og renter (kr 900), bankinnskudd	kr 6 500
21.01.16	Privatuttak fra bankkonto	kr 5 000
25.01.16	Betaler husleie, bankinnskudd	kr 6 000
31.01.16	Salg av varer, kontant	kr 6 520
31.01.16	Setter kontanter i banken	kr 6 520
31.01.16	Salg av varer, bankinnskudd	kr 21 250
31.01.16	Privatuttak overført egenkapital	?

- Finn nytt resultat og ny balanse per 31.01.16.
- Hva er overskuddet for denne perioden?
- Forklar hvordan virksomheten kan oppnå et større overskudd i neste periode.
- Hvordan vil du forklare endringene i egenkapitalen for denne perioden?



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)



